



Notat

Dato

LEIKANGER, 11.01.2017

Til: Fylkesutvalet sitt møte 25. januar 2017

Frå: Fylkesrådmannen

Stortingsvalet 2017 - orientering om arbeidet til fylkesvalstyret

Valdagen for stortingsvalet 2017 er mandag 11. september.

Ved stortingsval er landet delt inn i 19 valdistrikt. Kvart fylke utgjer eit valdistrikt. Frå Sogn og Fjordane fylke skal det veljast tre distriktsmandat og eitt utjamningsmandat.

Fylkeskommunen har omfattande oppgåver i samband med stortingsvalet:

1. Godkjenning av vallister i fylket
2. Produksjon og distribusjon av røystesetlar
3. Kontrollteljing av kommunane sine valoppgjer.
4. Valoppgjer med mandatfordeling og kandidatkåring av dei tre distriktskandidatane (utjamningsmandatet skal fordelast av riksvalstyret).
5. Innrapportering til Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Stortinget
6. Arkivering av valmateriell

Det meste av førebuinga og gjennomføringa av valet vert gjort administrativt. Fylkesvalstyret, som er personsamanfallande med fylkesutvalet, har særleg oppgåver i tilknyting til kulepunkt 1 og 4 over:

- Vallister: Handsame og eventuelt godkjenne framlegg til vallister. Listeframlegga må vere mottekte hjå fylkeskommunen innan 31. mars kl. 12.00. Fylkesvalstyret avgjer innan 1. juni om forslag til vallister, og eventuelle tilbakekallingar av listeforslag, kan godkjennast.
- Valoppgjeret i Sogn og Fjordane fylke: Fylkesvalstyret skal godkjenne valoppgjeret gjennom vedtak av valprotokollen. Her vert distriktsmandata fordele mellom vallistene. Dei tre kandidatane vert deretter kåra. Som følgje av ei endring i vallova, legg Kommunal- og moderniseringsdepartementet til grunn¹ at det endelege valoppgjeret vert klart på eit noko seinare tidspunkt enn ved tidlegare val. Endringa inneber at førehandsrøyster ikkje må vere komme inn til valstyret før kl. 17 dagen etter valet for å kunne bli godkjend. Tidlegare måtte førehandsrøystene vere komne inn seinast kl. 21 på valdagen.

I tillegg til det ovannemnde kan det hende at fylkesvalstyret må ta stilling til innkomne klager, t.d. med krav om endring av godkjende listeforslag, og eventuelle prinsipielle saker.

¹ Prop. 73 L (2015-2016), kap. 5.4.